## Saksprotokoll i Kommunestyret - 01.12.2011

## PS 71/11 - ÅRSBUDSJETT 2012, ØKONOMIPLAN 2012-2015

**Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2012-2015 med desse endringane i høve til rådmannen sitt forslag:

| - **Alternativt driftsbudsjett** | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|---|
| **Overskudd Rådmannen sitt forslag, etter inndekking underskot** | -19 935 | -1 048 870 | -987 355 | -438 128 |
| **Sum nye tiltak alternativt budsjett** | -12 676 796 | -21 934 107 | -25 888 838 | -28 173 232 |
| **Overskudd alternativt budsjett til inndekning underskot** | -12 696 731 | -22 982 977 | -26 876 193 | -28 611 360 |
| **Inndekking underskot** | -12 696 731 | -22 982 977 | -3 767 150 | |
| **Overskot** | | | -23 109 043 | -28 611 360 |
| **Nye tiltak/endringar i høve til rådmannen sitt budsjettforslag:** | | | | |
| **Formannskapet** | | | | |
| 1000:Sal 50 mill kraftsalsfondet til nedbetaling gjeld | -870 978 | -943 789 | -834 923 | -729 867 |
| 1000:Endring driftskostnader frå investeringsbudsjett | -500 000 | -1 100 000 | -1 100 000 | -1 100 000 |
| 1000: Eigedomsskatt verk og bruk | -4 000 000 | -6 000 000 | -6 000 000 | -6 000 000 |
| 1000: Korreksjon renter/avdrag | -2 166 890 | -1 608 148 | - 5 671 744 | -8 061 195 |
| 1098: Redusert overføring Ske KF, bortfall mva kompensasjon | 1 360 000 | 1 360 000 | 1 360 000 | 1 360 000 |
| 1140: Interkommunalt innkjøpskontor, prisjustering Stord sin del | 55 781 | 55 781 | 55 781 | 55 781 |
| 1150: Auka utgifter til Norsk pasientskadeerstatning | 381 000 | 381 000 | 381 000 | 381 000 |
| 1150: Nye barnehageplassar, redusert med 10 | -600 000 | -1 400 000 | -1 400 000 | -1 400 000 |
| Redusert husleige eksterne bygg | -750 000 | -750 000 | -750 000 | -750 000 |
| 1150: Prosjektleiar samhandling | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 |
| 1141: "Stillingsgruppa" | -900 000 | -2 250 000 | -2 250 000 | -2 250 000 |
| **Sum formannskap** | **-8 491 087** | **-12 755 156** | **-16 709 886** | **-18 994 281** |
| **OOU-komité** | | | | |
| 2100: Feilbudsjettert spes ped | 1 556 600 | 1 556 600 | 1 556 600 | 1 556 600 |
| 2100: Redusert elevtal i øk plan perioden, korreksjon | | 1 200 000 | 1 200 000 | 1 200 000 |
| 2106: Nedlegging Litlabø skule | -4 200 000 | -9 742 029 | -9 742 030 | -9 742 029 |
| 2100: Auka kostnader Tjødnalio og Sagvåg skule (elevar frå Litlabø) | 891 991 | 2 140 778 | 2 140 778 | 2 140 778 |
| 3140: Stord kulturskule, auka betalingssatsane med 5% | -121 450 | -121 450 | -121 450 | -121 450 |
| 2100: Auka satsar SFO med 5% frå 1.januar 2012 | -325 000 | -325 000 | -325 000 | -325 000 |
| 2100: opprettheld MOT | 300 000 | 700 000 | 700 000 | 700 000 |
| 2515: Innsparing barnevern | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 |
| **Sum OOU-komité** | **-2 397 859** | **-5 091 101** | **-5 091 102** | **-5 091 101** |
| **NMK-komité** | | | | |
| 3210: Auka satsane med 5% (RBO) | -74 100 | -74 100 | 74 100 | -74 100 |
| 3240: Auke satsane på parkering med 5% | -163 000 | -163 000 | -163 000 | -163 000 |
| 3240: Auke satsane for torgavgift med 5% | -8 750 | -8 750 | -8 750 | -8 750 |
| 3240: Prosjektering ny bru Grunnavågen | 300 000 | | | |
| 3110:Reduserte utgifter/auka inntekter kultursektoren | -400 000 | -700 000 | -700 000 | -700 000 |
| **Sum NMK-komité** | **-345 850** | **-945 850** | **-945 850** | **-945 850** |
| **RHO-komité** | | | | |
| 2301: Auke satsane måltid Knutsaåsen med kr 100/mnd | -42 000 | -42 000 | -42 000 | -42 000 |
| Innsparing RHO | -1 400 000 | -3 100 000 | -3 100 000 | -3 100 000 |
| **Sum RHO-komité** | **-1 442 000** | **-3 142 000** | **-3 142 000** | **-3 142 000** |
| **Sum totalt** | **-11 009 318** | **-21 093 818** | **-25 157 415** | **-27 546 865** |
| **Akkumulert** | **-11 009 318** | **-32 103 136** | **-57 260 551** | **-84 807 416** |
| **Nye tiltak/endringar i høve til rådmannen sitt budsjettforslag, investering:** | | | | |

Rett utskrift:

møtesekretær

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Redusert investering Langeland skule | | -17 000 000 | | | |
| Redusert investering veg | | | -1 500 000 | -1 500 000 | -1 500 000 |
| **SUM** | | **-17 000 000** | **-1 500 000** | **-1 500 000** | **-1 500 000** |

2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. a) Kommunestyret vedtek i medhald av §2 i eigedomsskattelova å skriva ut eigedomsskatt for 2012 for *"verk og bruk"* i Stord kommune.

   b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for eigedomane.

   c) Formannskapet får fullmakt til å nemna opp ei sakkunnig takstnemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer og ei sakkunnig ankenemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer.

   d) Rådmannen får fullmakt til å etablere ei prosjektgruppe for arbeidet med innføring av eigedomsskatten, tilsetta prosjektleiar og synfararar og til å leiga inn profesjonelle takstmenn for taksering av næringseigedomar m.m. Kommunestyret legg til grunn at innføring av eigedomsskatt *på verk og bruk i* Stord kommune vert gjennomført innanfor ei økonomisk ramme *på 2,0 mill* kr. Kommunestyret ber rådmannen om å nytta eigen organisasjon så langt som råd, for å redusera kostnadene.

   e) Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for eigedomar som er eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr §7a. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette gjeld.

   f) Eigedomar som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune.

   g) Dei føringar som her er lagt blir oversendt sakkunnig nemnd som fastset retningsliner for takseringsarbeidet, herunder å ta stilling til mogeleg geografisk soneinndeling.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp kr 164 148 000 i lån i 2012 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

   | | | |
   |---|---|---|
   | Startlån til vidare utlån, inntil | kr | 25 000 000 |
   | Lån til investering i vatn og avlaup | kr | 38 872 000 |
   | Andre lån | kr | 100 276 000 |

   Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.
5. Kommunestyret vedtek å oppretthalda gjeldande trekkrett i Nordea med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.
6. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2012 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune". Desse satsane vert endra i 2012:

   Avgift for feiing og brannsyn

   | | |
   |---|---|
   | *Stord kulturskule, auka betalingssatsane med 5%, verknad 2012* | *kr 121 450* |
   | *Auka satsar SFO med 5%, verknad 2012* | *kr 325 000* |
   | *Auke satsane på parkering med 5%, verknad 2012* | *kr 163 000* |
   | *Auka satsane med 5% (RBO), verknad 2012* | *kr 74 100* |
   | *Auke satsane for torgavgift med 5%, verknad 2012* | *kr 8 750* |
   | *Auke satsane for måltid Knutsaåsen med kr 100/mnd, verknad* | *kr 42 000* |

   Avgifter for vatn, avlaup, renovasjon og slamtøming
7. Det vert frå og med 2012 innført avgiftsfri parkering første time på Torget og ved Teknisk bygg.
8. Fagavdelinga for park og grønt vert overført til Stord kommunale eigedom KF og fagavdelinga for veg og parkering til Stord vatn og avlaup KF frå 1.1.2012. Rådmannen får i samråd med styra i føretaka fullmakt til å gjennomføra overgangen, herunder å føreta naudsynte budsjettendringar.

---

Rett utskrift:

møtesekretær

9. Rådmannen får fullmakt til å etablera interkommunal barnevernvakt med Bømlo og Fitjar frå og med 2012. Kommunestyret legg til grunn at nyordninga vert etablert innanfor vedtekne budsjettrammer.

10. Kommunestyret fastset slike førebels tilskotssatsar for 2012 til private barnehagar i Stord kommune:

    Ordinære barnehagar:

    | | |
    |---|---|
    | Små born/full plass | kr. 156.581,- |
    | Store born/full plass | kr. 75.408,- |
    | Kapital full plass | kr. 7.800,- |

    Familiebarnehagar – nasjonal sats:

    | | |
    |---|---|
    | Små born/ full plass | kr. 136.500,- |
    | Store born/full plass | kr. 104.000,- |
    | Kapital full plass | kr. 11.700,- |

11. Stord kommune vil i 2012 busettja 10 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

*12.* Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2012-budsjettet i 2012 til nærings- og kulturføremål:

    *- Til næringslivsarbeid (inkl det som i dag går til BRB og SNU), kr 917.000*
    - Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap, kr 65 000
    - Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
    - Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 36 250
    - Sunnhordland folkemuseum, kr 600 000
    - Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 397 000
    - Samarbeidsrådet for Sunnhordland, reiselivssatsinga, kr 215 000
    Formannskapet får fullmakt til å disponera løyvinga til næringslivsarbeid kr 917.000

13. Kommunestyret vedtek budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

14. Kommunestyret vedtek at budsjett for 2012 for Stord kommunale eigedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1. Overføringa til Stord kommune vert redusert som følje av redusert momskompensasjon ettersom ein har fått redusert ivesteringsnivå (sjå tabell)

15. Kommunestyret gjer vedtak om å starta ein prosess med sikte på nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012/2013. Elevane skal overførast til Sagvåg og Tjødnalio skulekrinsar

16. Kommunestyret ber samstundes KF førebu ei sak om korleis bygningsmassen på Litlabø skule skal avhendast. Dersom rådmannen ser at bygningsmassen kan nyttast til kommunale føremål skal dette kome fram som ein del av saka.

17. Kommunestyret ber rådmannen førebu sak om forskrift om kva for skule dei ulike områda (vegar) i kommunen soknar til. Komiteen for oppvekst og utdanning får fullmakt til å godkjenna forskrifta. I lys av dette skal investeringar på Langeland gjennomførast med ei minimumsløysing fram til ny skulebruksplan er godkjent

18. Kommunen ønskjer å vidareføra tiltak med MOT. Kommunestyret ber om at ein ser på om det er mogeleg å integrere deler av MOT kostnadane i den ordinære skuledrifta.

19. Kommunestyret vedtek eit nedtrekk innan RHO området for 2012 på 1,4 mill. Komiteen får fullmakt til å vedta område for nedtrekk

20. Barnevern vert ytterlegare redusert med 0,5 mill i høve innstilling frå Formannskapet.

21. Kultursektoren (NMK) redusere utgifter /auka inntekter med 0,4 mill.

22. Stillingsgruppa får eit auka krav til generell innsparing på 0,9 mill for 2012 og 2,25 mill for 2013

---

Rett utskrift:

møtesekretær

23. Tilskot til lag og organisasjonar vert vurdert i budsjettrevisjon 1 kvartal.

24. Kommunestyret ber om at ny kultur og idrettsjef også skal syte for god koordinering mot frivillige lag og organisasjonar, og at dette arbeidet vert retta mot frivillig arbeid inn mot fleire sektorar i kommunen (helse, omsorg, kultur)

25. Kommunestyret ber om at ein ser på mogeleg effektivisering innan hamneaktiviteten ved å nytte private aktørar

26. Kommunestyret ber Stord Eigedom KF om at det vert teke ein kritisk gjennomgang av den kommunale bygningsmassen sett opp mot leige i eksterne lokale. Ei oversikt over ledige kommunale bygg og annlegg og bygg/anlegg som har ledig kapasitet i delar av døgnet vert ein del av dette oppsettet. Måloppnåing for 2012 er sett til kr 750.000,-

27. Kommunestyret ber om at rådmannen ser på alternative dagtilbod for utviklingshemma i samarbeid med NAV

28. Talet på nye barnehageplassar frå hausten 2012 er redusert med 10 i høve innstillings frå formannskapet. Kommunestyret ber rådmannen legge fram ei sak om konsekvensar for kommunal kontantstøtte for 2-åringar sett opp mot trong for fleire barnehageplassar.

29. Strategisk arbeidsgjevarpolitikk skal bli prioritert i økonomiplanperioden, dvs leiaropplæring og organisasjonsutvikling

**Handsaming**

Vedteke med 18 mot 17 røyster (AP, SV og FRP) Mindretalet røysta for AP sitt budsjettframlegg.

Røysting:
Det vart først røysta over utsetjingsframlegg frå AP som fall med 18 mot 17 røyster (AP, SV og FRP)

Dei ulike budsjettframlegga vart røysta over i følgjande rekkefølgje:
Formannskapet si innstilling – ingen røyster
SV sitt framlegg fekk 2 røyster
SP sitt framlegg fekk 3 røyste
FRP sitt framlegg fekk 5 røyster
AP sitt framlegg fekk 10 røyster
H/KRF/V og Dem sitt framlegg fekk 15 røyster
Deretter vart framlegget frå H/KRF/V og Dem sett opp mot AP sitt framlegg

******

H/Krf/V og Dem kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

*******

AP kom med følgjande utsettingsframlegg:

"Utsetjings forslag av økonomiplanen i perioden til 15. desember."

******

Rett utskrift:

møtesekretær

**Formannskapet si innstilling:**

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2012-2015 med desse endringane…
2. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

3. a) Kommunestyret vedtek i medhald av §2 i eigedomsskattelova å skriva ut eigedomsskatt for 2012 for heile Stord kommune.

   b) Skattesatsen vert sett til 2 ‰ av omsetnadsverdien for alle eigedomar.

   c) Formannskapet får fullmakt til å nemna opp ei sakkunnig takstnemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer og ei sakkunnig ankenemnd med tre medlemmer og tre varamedlemmer.

   d) Rådmannen får fullmakt til å etablere ei prosjektgruppe for arbeidet med innføring av eigedomsskatten, tilsetta prosjektleiar og synfararar og til å leiga inn profesjonelle takstmenn for taksering av næringseigedomar m.m. Kommunestyret legg til grunn at innføring av eigedomsskatt i Stord kommune vert gjennomført innanfor ei økonomisk ramme på 8,5 mill kr. Kommunestyret ber rådmannen om å nytta eigen organisasjon så langt som råd, for å redusera kostnadene.

   e) Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for eigedomar som er eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr §7a. Sakkunnig nemnd legg fram oversyn over kva eigedomar dette gjeld.

   f) Eigedomar som er eigde av idrettslag, ungdomslag, bedehuslag og liknande skal ha fritak for eigedomsskatt i Stord kommune.

   g) Dei føringar som her er lagt blir oversendt sakkunnig nemnd som fastset retningsliner for takseringsarbeidet, herunder å ta stilling til mogeleg geografisk soneinndeling.

4. Kommunestyret vedtek å ta opp kr 179 108 000 i lån i 2012 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

   | | |
   |---|---|
   | Startlån til vidare utlån, inntil | kr 25 000 000 |
   | Lån til investering i vatn og avlaup | kr 38 872 000 |
   | Andre lån | kr 115 236 000 |

   Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag.
5. Kommunestyret vedtek å oppretthalda gjeldande trekkrett i Nordea med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.
6. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2011 slik det går fram av eige hefte "Betalingssatsar for Stord kommune". Desse satsane vert endra i 2012:

   - Avgift for feiing og brannsyn
   - Avgifter for vatn, avlaup, renovasjon og slamtøming

7. Det vert frå og med 2012 innført avgiftsfri parkering første time på Torget og ved Teknisk bygg.

8. Fagavdelinga for park og grønt vert overført til Stord kommunale eigedom KF og fagavdelinga for veg og parkering til Stord vatn og avlaup KF frå 1.1.2012. Rådmannen får i samråd med styra i føretaka fullmakt til å gjennomføra overgangen, herunder å føreta naudsynte budsjettendringar.
9. Rådmannen får fullmakt til å etablera interkommunal barnevernvakt med Bømlo og Fitjar frå og med 2012. Kommunestyret legg til grunn at nyordninga vert etablert innanfor vedtekne budsjettrammer.

10. Kommunestyret fastset slike tilskotssatsar for 2012 til private barnehagar i Stord kommune:

---

Rett utskrift:

møtesekretær

| | |
|---|---|
| Ordinære barnehagar: | |
| Små born/full plass | kr. 156.581,- |
| Store born/full plass | kr. 75.408,- |
| Kapital full plass | kr. 7.800,- |

| | |
|---|---|
| Familiebarnehagar – nasjonal sats: | |
| Små born/ full plass | kr. 136.500,- |
| Store born/full plass | kr. 104.000,- |
| Kapital full plass | kr. 11.700,- |

11. Stord kommune vil i 2012 busettja 10 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg.

12. Stord kommune løyver følgjande tilskot over 2012-budsjettet i 2012 til nærings- og kulturføremål:

    - SNU AS, kr 1 025 000
    - Atheno, prosjekt Ungt entreprenørskap, kr 65 000
    - Business Region Bergen, driftstilskot, kr 117 000
    - Hordaland olje og gass, driftstilskot, kr 50 000
    - Haukelivegen AS, driftstilskot, kr 36 250
    - Sunnhordland folkemuseum, kr 600 000
    - Samarbeidsrådet for Sunnhordland, kr 397 000
    - Samarbeidsrået for Sunnhordland, reiselivssatsinga, kr 215 000

13. Kommunestyret sluttar seg til budsjettframlegget frå Stord vatn og avlaup KF slik det ligg føre.

14. Kommunestyret vedtek at budsjett for 2012 for Stord kommunale eigedom KF slik det går fram av rådmannen sine kommentarar til budsjettet, avsnitt 5.6.1.

SV - BUDSJETT 2012 (endringar frå rådmannen sitt budsjett)
1)

| | | |
|---|---|---|
| Endringar inntekter | | 6.777 mill kr |
| Eigedomsskatt | 3.0 mill kr | |
| Buisness region Bergen | 0.117 mill kr | |
| Korrigering rente/avdrag | 2.16 mill kr | |
| oppgradering kommunestyresal | 1.5 mill kr | |
| | | |
| FSK | | 0.2 mill kr |
| Støtte kremasjon | 0.2 mill kr | |
| | | |
| Oppvekst og utdanning | | 4.7 mill kr |
| Interkommunal barnevernsvakt | 0.250 mill kr | |
| Ferievikar/overtid barnehagar | 1.5 mill kr | |
| Utvida opning SFO | 1.0 mill kr | |
| Tilbakeføring 600 kr/elev | 1.95 mill kr | |
| | | |
| RHO | | 1.2 mill kr |
| Dagtilbod funksjonshemma | 1.0 mill kr | |
| Hamna kontaktsenter | 0.2 mill kr | |
| | | |
| NMK | | 0.677 mill kr |

Rett utskrift:

møtesekretær

SNU 0.677 mill kr

Sum endring driftsutgifter 6.777 mill kr

Årlege konferansar om miljø/ENØK, universell utforming, helsefremmande og førebyggande arbeid

Etatsmodell inkludert føretaka

Minst 50% av nye private bustadar skal vere tilgjengelege på inngangsplanet, dette vil minke trongen for institusjonsplassar, og kunne betre livskvalitet for den enkelte.

SV sitt budsjettforslag står slik det er fremma for 2012.

2) SV legg rådmannen sitt langtidsbudsjett til grunn, med våre driftsmessige endringar.

### SP kom med følgjande budsjettframlegg for 2012-2015:

"Endringar er gjort ihht rådmannen sitt opprinnelege framlegg til budsjett. Positive summar er innsparing, negative summar auka utgifter

| **Drift** | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kultur og idrettssjef | 0,4 | 0.75 | 0,75 | 0,75 | |
| "Stillingsgruppa" | 0,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | Auka krav |
| Næringsarbeid, BRB, reiseliv | 0,45 | 0,45 | 0,45 | 0,45 | |
| Prosjekt Samhandling | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | Prosjektleiar dekka innan dagens bemanning |
| Bufellesskap Apalvegen | 0,8 | 1 | 1 | 1 | Dekka halvdelen av kostnad innan dagens ramme |
| Bufellesskap Knutsaåsen | 0,6 | 2,1 | 2,1 | 2,1 | Dekka halvdelen av kostnad innan dagens ramme |
| Barnevern | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | Ihht drifta i år, som ligg an til å gå med 1,7 mill i mindreforbruk i år |
| Kulturadministrasjon | 0,4 | 0,7 | 0,7 | 0,7 | Kutta stilling |
| Veg, grønt, park | | 0,1 | 0,1 | 0,1 | Innsparing avdrag og renteutgifter ved å redusera inv med 1,5 mill 2013-2015 |
| MOT | -0,3 | -0,7 | -0,7 | -0,7 | |
| Barnehage | 0,6 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | Auka med 30 plassar |
| Reforhandling/avslutte leigeavtalar eksternt | 0,7 | 1 | 1 | 1 | |
| Renter/avdrag korrigert ihht rådmannen | 2,16 | 0,9 | 5 | 6,5 | Justert for 10 mill investering Langeland, 25 mill stord ungdomsskule |
| Pasientskade | -0,38 | -0,38 | -0,38 | -0,38 | |
| Spes ped | -1,55 | -1,55 | -1,55 | -1,55 | |
| Innkjøpskontor | -0,05 | -0,05 | -0,05 | -0,05 | |
| Korreksjon elevtal | | -1,2 | -1,2 | -1,2 | |
| **Netto overskot einingane** | 1 | 1 | 1 | 1 | Samla resultat einingane |
| Sum einingar | 6,33 | 8,02 | 12,12 | 13,62 | |
| Overskot rådmannen sitt budsjett | 13,57 | 11,69 | 11,83 | 11,3 | |
| Overskot SP sitt budsjett | 19,9 | 19,71 | 23,95 | 24,92 | |
| Nedbetaling oppsamla underskot | 19,9 | 19,5 | | | |
| Overført til investeringsbudsjett | | 0,21 | 23,95 | 24,92 | |
| | | | | | |
| Investering | | | | | |
| Investering Stord ungdomsskule | | | 25 | 75 | |
| Investering Langeland | 10 | | | | |

"

### FRP sitt framlegg til budsjett 2012-2015

| **Beskrivelse** | **Reduksjon** | **Styrking** |
|---|---|---|
| **Innføring av etatsmodel** | 2 500 000 kr | |

Rett utskrift:

møtesekretær

| | | |
|---|---|---|
| *Reduksjon 10 einingsleiarar* | | |
| **Konkurranseutsetja Sjukeheim, omsorg, heimehjelp** | 13 867 000 kr | |
| *Berekna 10 % innsparing sjukeheim, omsorgsplasser ** | | |
| *Berekna 20 % innsparing heimehjelptenester ** | | |
| ** Innsparinga er rekna med oppstart 1. september* | | |
| **Konkurranseutsetjing av deler av IT-tenesta** | 1 000 000 kr | |
| *Optimalisering av drifta medrekna stillingsreduksjon* | | |
| *Ekstern lagring (backup) samt innleige av personell til service/vedlikehald* | | |
| **Optimalisering av Stord Brannstell** | 1 000 000 kr | |
| *Optimalisering innbefattar samanslåing med andre einingar* | | |
| *Nedlegging av brannstasjonen i Sagvåg må sjåast* | | |
| *i samanheng med døgnkassanering ved Stord Brannstasjon* | | |
| **Ta vekk kommunalt tilskudd SNU** | 1 025 000 kr | |
| **Korreksjon Investeringsbudsjett** | 1 380 000 kr | |
| **Redusert leige av eksterne bygg** | 750 000 kr | |
| **Barnehage** | 600 000 kr | |
| **Ingen Eigedomskatt** | | 10 500 000 kr |
| **Tilskudd Turistmål Litlabø kisgruber** | | 500 000 kr |
| **Døgnkassanering ved Stord Brannstasjon** | | 1 500 000 kr |
| *Med døgnkassanering vil utrykkningstida tilfredstillea krav til* | | |
| *Buneset Eldresenter i Sagvåg* | | |
| **Styrking av Idrett og kultur** | | 2 000 000 kr |
| *1,0 mill går til styrking drift av idrettsanlegg* | | |
| *1,0 mill fordeles av NMK komiteen* | | |
| **Leiarutvikling** | | 400 000 kr |
| *God leiing gir resultat* | | |
| **Stillingsøkning Etatsmodell** | | 1 000 000 kr |
| **Ombygging Kulturhuset** | | 600 000 kr |
| **Redusert eigaruttak frå Stord Kommunale eigedom KF** | | 1 000 000 kr |
| *Reduksjonen skal nyttast til auka vedlikehold av kommunale bygg* | | |
| **Satsing på reiseliv** | | 200 000 kr |
| **Prosjektering ny bru til Grunnavågen** | | 300 000 kr |
| **Ta vekk avgiftsparkering på Leirvik** | | 300 000 kr |
| **Fortsatt samarbeid med MOT** | | 300 000 kr |
| **Kykjeleg Fellesråd** | | 300 000 kr |
| **Pasientskade** | | 400 000 kr |
| **Spes. ped.** | | 1 550 000 kr |
| **Vedlikehold kommunale vegar** | | 1 000 000 kr |
| **Summering** | 22 122 000 kr | 21 850 000 kr |

| | |
|---|---|
| **Styrking av budsjett** | 272 000 kr |

**Konkurranseutsetjing av sjukeheim**
Kommunestyret ber rådmann/ administrasjon innhenta naudsynte opplysningar om konkurranseutsetjing av drifta av sjukeheim for å fremje konkrete forslag om ein tidsplan og prosess for konkurranseutsetjing av Stord kommune sine sjukeheimar.

**Konkurranseutsetjing av kommunale barnehagar**

Rett utskrift:

møtesekretær

Kommunestyret ber rådmann/ administrasjon innhenta naudsynte opplysningar om konkurranseutsetjing av drifta av kommunale barnehagar for å fremje konkrete forslag om ein tidsplan og prosess for konkurranseutsetjing av Stord kommune sine barnehagar.

**Fritt brukarval for brukarar av heimehjelpstenesta**
Kommunestyret ber rådmann/ administrasjon innhenta naudsynte opplysningar om fritt brukarval for brukarar av heimehjelpstenesta og øvrige personlege tenester ,og så fremje konkrete forslag om ein tidsplan og ein prosess for innføring av fritt brukarval i Stord kommune.

**Fritt brukarval for brukarar av heimesjukepleiartenesta**
Kommunestyret ber rådmann/ administrasjon innhenta naudsynte opplysningar om fritt brukarval for brukarar av heimesjukepleietenestar , og så fremje forslag om en tidsplan og prosess for innføring av fritt brukarval i Stord kommune.

**Effektivisering av kulturskulen**
Kommunestyret ber rådmann/ administrasjon sikre ei uviding av kulturskulendrifta gjennom ei optimalisering å kunne tilby fleire plasser til same kostnad, direkte ved at skulekorps/korps vert eit definert satsingsområde.

**Samlokalisering**
Kommunestyret ber rådmann/ administrasjon vurdere samlokalisering av Stord Ungdomskule, Leirvik Skule og eit kultursenter på Vikahaugane. Dette vi l gi Stord unike moglegheiter ved at kultur og idrett får eit felles sentrum.

**Ombygging av Kulturhuset**
For optimal utnytting av Kulturhuset ber kommunestyret rådmann/administrasjon vurdere flytting av bibliotek ned til første etage. Dette for å frigje plass til leigetagere som i dag leiger lokaler i turnhallen.

**Salg av turnhallen**
Kommunestyret ber rådmannen vurdere salg av Turnhallen for å få meir tiltrekande aktivitet i øvre Borggata. Kommunen hjelper dagens leigetakarar med nye lokaliteter, fortrinnsvis i kommunale bygg .

**Stord AP** v/Harry Herstad kom med følgjande budsjettframlegg for 2012

"Arbeidet med budsjett for Stord kommune 2012- 2015 viser at kommunen står foran store utfordringer innen alle tjenesteområder. Kostra - tallene viser at vi på flere driftsområder ligger høyere enn andre kommuner det er naturlig å sammenlikne seg med. Dette kan ha sin årsak i flere forhold — noe det er nødvendig å undersøke nærmere. At kommunen ikke tidligere har etablert en helhetlig strategi for å møte disse utfordringene er noe en ser konsekvensene av i flere av koalisjonens "impuls — forslag" til saldering av budsjettet.

Før kommunestyret inviteres til vesentlige inngrep i vedtatt skolestruktur, økte skatteinntekter og velferdstruende nedskjæringer, må det snarest råd gjennomføres en grundig kartlegging og vurdering av den vanskelige situasjon kommunen over tid er kommet opp i — msp å finne frem til helhetlige løsninger og en god gjennomføring av disse. En slik kartlegging må særskilt omfatte utgifts — og inntektsforhold, arbeidsformer og samarbeidsforhold, organisering og ledelse m.v. Dette arbeidet må utføres i nær dialog med de ansatte og deres organisasjoner.

Arbeiderpartier legger derfor i denne omgang (2012) frem et budsjettforslag **uten eiendomsskatt** og **uten endringer i vedtatt skolestruktur.** For å gjenvinne nødvendig styringsevne må en i dag treffe avgjørelser om tiltak som ikke utsetter de vanskelige grepene ytterligere: Før en evt. henter inn nye skatteinntekter må en vise evne til moderasjon og kontroll, opplegg for systematisk tjenesteforbedring og bedre målstyring. Arbeiderpartiet vil på denne bakgrunn tilrå at nye, omfattende tiltak innen finansiering, struktur og tjenesteproduksjon stilles på vent til analysen har frembrakt et grundigere beslutningsgrunnlag — og der nødvendige enkelttiltak kan inngå i en overordnet strategi og handlingsplan.

Arbeiderpartiet er enig m rådmannen i at Stord kommune må raskest mulig ut av Robek - listen og har i sitt budsjettfremlegg også lagt opp til **en aktiv nedbetaling av det akkumulerte underskudd** i

perioden. Bare irreversible investeringer bør iverksettes i 2012. Det bør også foretas en ny gjennomgang av forholdet mellom avdragstid og anleggenes levetid msp å tilpasse/redusere årlige avdrag til kommunelovens minimumskrav. Reduserte lånekostnader skal gå til e.o. nedbetaling av akkumulert underskudd.

For å ta disse utfordringene videre på en tjenlig måte **bør det nedsettes en tverrpolitisk arbeidsgruppe der også tillitsvalgte inngår.** Nærmere mandat for arbeidsgruppen utarbeides innen 31.12.2011.

Kommentar til enkeltposter:

- Kommunestyret forutsetter at gjeldende skolebruksplan etterleves frem til ny plan foreligger
- Rask utgreing og oppfølging av forbedret ventilasjonsanlegg v Stord Ungdomsskole. Finansiering over "foretak innen enøk, inne- klima og HMS- tiltak kommunale bygg"
- Kommunestyret stopper utgreiingen foreslått i referatsak fra Formannskapet sak Rs 77/11 (Revidert konkurransedokument Stord Ungdomsskole — statusrapport) .
- Kommunestyret ber Havnestyret om å legge frem en sak om hvordan "Podlabrua" kan finansieres over eget budsjett

Talbudsjettet

| | | Finansiering | Tilleggsløyving |
|---|---|---|---|
| 1 | Opprettholde Opplæringskontoret | | 300 000 |
| 2 | Videreføre MOT | | 300 000 |
| 3 | Redusere innkjøp av konsulent tjenester | 600 000 | |
| 4 | Utsette oppretting av kultur og idrettssjef | 400 000 | |
| 5 | Reduksjon reise- og kursvirksomhet. Utarbeiding av nye retningslinjer | 400 000 | |
| 6 | Red. leie eksterne bygg | 400 000 | |
| 7 | Salg av kommunal eiendom | 600 000 | |
| 8 | Reduksjon i "stillingsgruppea"<br>Prosjekt samhandling: bruk av interne ressurser | 600 000 | |
| 9 | Komité for NMK får i oppgave å omprioritere næringslivssatsingen i kommunen. SNU skal opprettholdes på dagens nivå. | | |
| 10 | Fjerne eiendomsskatten fra budsjettframlegget | | 10 500 000 |
| 11 | Lønnsavsetting: 3 % | 5 300 000 | |
| 12 | Korrigering av førsteutkastet til rådmannen | | 1 550 000 |
| 13 | Korrigering av budsjettet — rente/ avdrag | 2 166 000 | |
| 14 | Korrigeringer av budsjett: - innkjøpskontoret<br>- pasientskadeerstatning | | 55 000<br>381 000 |
| 15 | Investering kirke, ny vogn | | 23 000 |
| 16 | Formannskapets disposisjonsfond | 100 000 | |
| | **Samlet finansiering/tilleggsløyving** | 11 416 000 | 13 109 000 |
| | Lavere nedbetaling av akkumulert underskott enn budsjettframlegget til rådmannen | 1 693 000 | |

Nedbetaling a av det akkumulerte underskottet vil i dette buds'ettet bli

***10 6 millioner*** (Utrekning: 12, 3 mill. minus 1,7 mill. =10,6 mill.)
I tillegg kommer evt. ekstraordinær nedbetaling som følge av justeringer i forskjøvet låneopptak/forlenget avdragstid.

**Foretakene:**
Kommunestyret ser behovet for omfattende oppgradering og utbygging av V&A- anleggene i kommunen —og investeringsbehovet som følger av dette. Kommunestyret søker samtidig å dempe økningen både i eiendomsavgifter og lånegjeld og vil på denne bakgrunn be SVA om

Rett utskrift:

møtesekretær

- Innen 31.12.11 å fremlegge en oversikt over antall abonnement som inngår i gebyrinntektsgrunnlaget dvs. m oversikt over
- hvor mange bo/bruks- enheter som knytter seg til hvert enkelt abonnement

AP sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2013-2015.

AP presiserer i høve rådmannen sitt framlegg for økonomien 2013-2015 at ein med dette ikkje har tatt prinsipiell stilling til innføring av eigedomsskatt. Dette vil vi koma attende til når analysen over kommunen strategi / aktivitetar og drift ligg føre.

For å sikre min. nedbetaling av akkumulert underskudd økes skatteanslaget med 1,7 mill."

******

**LOVLEGHEITSKONTROLL**

Nils Magne Blålid, Signe Ekeland (begge Sv) og Katrin Innvær Ankervold (Ap) kom med følgjande framlegg til lovlegheitskontroll:

"Underteikna ber om lovlighetskontroll av vedtaket om å legge ned Litlabø skule.

Vi ber om lovlighetskontroll for å sikre at gjeldande lover, prosedyrar og forskrifter er fulgt i forkant av dette vedtaket."

---

Rett utskrift:

møtesekretær